



Årsmelding

2022

30.03.2023

Øygarden brann og redning KF



- I arbeid for eit branngrygt lokalsamfunn!

Innhold

1.0 Innleiing.....	3
2.0 Samandrag	5
3.0 Brann- og redningssjefen sine kommentarar	6
4.0 Om føretaket.....	8
4.1 Organisering	8
4.2 Styret.....	8
4.3 Sentrale dokumenter	8
4.3.1 Vedtekter.....	8
4.3.2 Driftsavtale	8
4.3.3 Verksemndsplan	8
4.4 Administrasjonsavdeling	8
4.5 Beredskapsavdeling	11
4.6 Førebyggjande avdeling	14

1.0 Innleiing

Verksemda og styret

Øygarden brann og redning KF (ØBR) er eit kommunalt føretak. Føretaket har eigne vedtekter og driftsavtale med kommunen, og årleg vert det utarbeidd ei verksemdsplan for det komande året. Hovudoppgåva er å ta i vare eigarane sine behov, plikter og oppgåver slik dei er nedfelt i lov og forskrift vedk. brann- og redningsberedskap, brannførebyggjande arbeid, feiing og tilsyn med fyringsanlegg.

Styret gjennomførte seks møter i 2022, og har slik samansetting:

Medlem	Varamedlem	
Per Rune Eikeseth, (leiar)	Trygve Andreas Waage	1. vara
Elna Nybakk, (nestleiar)	Espen Cornell Jacobsen	2. vara
Ingvild Skaar	Silvia Haugland	3. vara
Terje Strandtun	Irene Nesse Vorland	4. vara
Remi Oen (tilsett)	Kenth Trygve Haukeland (tilsett)	vara for Remi Oen

Åse Gunn Husebø gjekk ut av styret i mai, og Invild Skaar kom inn for henne. Børre Brekkvassmo gjekk ut av styret i mai, og Remi Oen kom inn for ham. Styret takkar for samarbeid med Åse Gunn og Børre i den tida dei var med i styret.

Likestilling og fråvær

Styret i føretaket har 5 medlemmar. Herav 2 kvinner og 3 menn. 1 representant er vald av tilsette. Eigarane stettar kravet til kjønnsrepresentasjon. Ved rekruttering til styret, utlysing av ledige stillingar, ved fastsetting av løn osv., legg føretaket vekt på at personar av begge kjønn skal handsamast likt. I føretaket er det per 31.12.2022 tilsett omlag 5 % kvinner, og ØBR ønskjer å rekruttere fleire kvinner til brann- og redningstenesta. I 2022 var det ei nærvers prosent på 98,0 %, noko som svarar til eit fråvær på 2 %. Styret ser dette som eit særskilt godt tal.

Kort om økonomi

Øygarden kommune er ein av ei rekke kommunar i Vestland, som er knytt til 110 Vest. Dette er alarmsentralen som tak i mot nødmeldingar om t.d. brannar og andre redningsoppdrag. Alarmsentralen skal skifte ut oppdragshandteringsverktøy (dataprogram o.a.), og dette er eit landsdekkande prosjekt styrt av 110 IKS. Dei ulike medlemskommunane både i 110 Vest og andre alarmsentralar, må betale ein andel for nye løysingar. Også Øygarden. Dette saman med kostnader for samanslåing av 110 Florø og 110 Bergen til 110 Vest, medførte høge ikkje-budsjeterte kostnader. ØBR fekk ekstraløyving frå kommunestyret for dette.

Det vart også løyve ekstra midlar for å dekkje kostnadane for m.a. grunnkurs for tilsette i beredskapsstyrken, og meirkostnadane etter kretsmeklardom vedkomande godtgjersler for bæring av elektronisk varslingsutstyr.

På slutten av året vart det tilsett mange nye brannkonstablar, og ny beredskapsutrustning måtte kjøpast inn/kompletterast. Dette medførte også høge utgifter. På den positive sida var det god inngong på kurs og sal av tenester.

Vegen vidare

Kommunestyret vedtok i forbindelse med budsjettbehandlinga for 2023, å avvikle Øygarden brann og redning KF. Avviklingsdato er sett til 01.04.2023. Styret held fram som vanleg inntil avviklinga formelt sett er klar i Brønnøysundregistrene.

Kommentarar til § 14-7 i kommuneloven som gjeld årsmelding.

§ 14-7 i kommuneloven. Gjeld årsmelding.	Øygarden brann og redning KF - kommentarar
a) <i>forhold som er viktige for å bedømme den økonomiske utviklingen og stillingen, og om den økonomiske utviklingen og stillingen ivaretar den økonomiske handleevnen over tid</i>	2022 var økonomisk noko utfordrande. Noko av årsaka var at kommunen sin andel til nytt oppdragshåndteringsverkøy ved 110 Vest, først vart kjent etter budsjettbehandlinga var ferdig i styret. Det var også kostnadsknapp til samanslåing av 110 Bergen og 110 Florø (til 110 Vest). Dom frå Kretsmeiklaren på godtgjersle for bæring av elektronisk varslingssystem kom først i 1. kvartal 2022 og gav også ei auke som ikkje var budsjettert. Mange tilsettingar på slutten av året ført til behov for reanskaffing og komplettering av mykje verneutstyr (røykdykkarkle, hjelmar, sko o.a.)
b) <i>vesentlige beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsregnskapet, og vesentlige avvik fra kommunestyrets eller fylkestingets premisser for bruken av bevilgningene</i>	Volum på driftsbudsjettet vart høgare enn opphavleg budsjettet. Hovudårsakene er omtalt i punkt a). For den avgiftsfinansierte tenesta vart det eit mindreforbruk som vert overført til bunden fond for tenesta. Hovudårsaka her var sparte lønnsmidlar grunna vakante stillingar i store delar av året.
c) <i>virksomhetens måloppnåelse og andre ikke-økonomiske forhold som er av vesentlig betydning for kommunen eller fylkeskommunen eller innbyggerne</i>	Informasjon om dette finn ein i kapittel for kvar avdeling.
d) <i>tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre en høy etisk standard</i>	Øygarden brann og redning KF er ein del av Øygarden kommune, og føl kommunen sine etiske retningslinjer.
e) <i>den faktiske tilstanden når det gjelder kjønnslikestilling</i>	Kommentarar til dette går fram i årsmeldinga. Sjå elles under avsnitt lenger over i dette kapittelet.
f) <i>hva kommunen eller fylkeskommunen gjør for å oppfylle arbeidsgivers aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringsloven § 26.</i>	Øygarden brann og redning KF er ein del av Øygarden kommune og føl kommunen i dette arbeidet.

2.0 Samandrag

Øygarden brann og redning KF (ØBR) er ein integrert del av Øygarden kommune, men til skilnad frå andre kommunale tenesteområder, rapporterer dagleg leiar til eit styret, som igjen svarar direkte til kommunestyret. Styret har mynde til å treffe avgjer i alle saker som gjeld føretaket og verksemda i føretaket.

Ein del utskiftingar ved førebyggjande avdeling gjorde sitt til at personellressursane ikkje var tilstrekkeleg til å nå alle dei mål ein hadde satt, men i stort kan ein seie at produksjonen var bra gitt dei føresetnadane som var grunna både Coronapandemien og redusert bemanning.

Gjennom året vart det arbeidd med oppfølging av Arbeidstilsynet sitt avvik om kjemisk påverknad. Dette har vi jobba med i meir enn to år, og no er ny brannstasjon i Skogsskiftet under bygging, nye bilar til feie- og tilsynstenesta undervegs med betre skilje mellom rein og skitten sone, og utgreiingsarbeid med arealendringar ved Ågotnes brannstasjon i sluttfasen. I løpet av året vart det sendt to orienteringar til Arbeidstilsynet med status for arbeid med å lukke avviket.

Nærversprosenten for 2022 var på 98,0 %. Dette er høgt, og brann- og redningssjefen seier seg godt nøgd med at fråværet (2 %) har vore så lågt, sjølv med Coronapandemi i store delar av året.

I løpet av 2022 vart det tilsett ny branninspektør ved førebyggjande avdeling, materialforvaltar, ny lærling starta i august, ny feiarinspektør, ny leiar for beredskapsavdelinga (tek til 1.3.2023) og brannkonstablar.

Open dag er alltid kjekt, og i år var det flott ramme kring arrangementet med sol og fin temperatur. Laurdag 23.september var det mellom 1 800 og 2 000 personar innom brannstasjonen på Ågotnes for å sjå på brannbilar, øve å sløkkje brann med sløkkjeapparat, besøke stand frå Eviny og sjølvsagt helse på Bjørnis. Det var saft, vaflar og pølsjer til alle.

Etter kvar månad laga brann- og redningssjefen eit orienteringsskriv om oppgåver, økonomi og litt kring tilsett (t.d. nyttilsettingar). Alle desse 12 orienteringane er plassert i Compilo, der alle tilsette har tilgang. Det er gjennomført 5, 3-partsmøter, der referat etter desse møta også vert lagt i Compilo. I tillegg er det gjennomført fire kvartalsmøter for heiltidstilsette. Beredskapsavdelinga har gjennomført stasjonsmøter ved alle stasjonane.

Ei arbeidsgruppe med medlemmar frå både Øygarden brann og redning og Equinor (Kollsnes/Sture) jobba med å sjå på moglegheit for eit utvida formalisert samarbeid. Gruppa har kome fram med ei sameint tilråding og planen er ei sak til kommunestyret i løpet av 1. kvartal 2023.

Kommunestyret vedtok i møte 15.12.2022 å avvikle Øygarden brann og redning KF. Den formelle avviklinga vil skje i løpet av 2023.

3.0 Brann- og redningssjefen sine kommentarar

Nok eit år med delvis omfattande Coronatiltak er over. Først ut på vårparten og sommaren vart tiltaka fjerna. Då var det nesten som om samfunnet vakna meir til liv. Etter ei lang periode med Covid-19 restriksjonar fekk vi gjennomført ei samling for tilsette i juni. Her var informasjon frå avdelingane og grillmat. På hausten var det også ei samling for tilsette, med orienteringar og pizza. Kjekt å kunne møtast fysisk igjen. Sjølv med låg terskel for å vere heime ved sjukdom vart nærversprosenten 98 %. Dette er gledelig, og brann- og redningssjefen er godt nøgd med dette.

Vi sende to statusmeldingar til Arbeidstilsynet i vårt arbeid med å redusere kjemisk påverknad. Eit arbeid som har pågått sidan tilsynet var i mars 2020. Situasjonen er blitt betre og tilbakemeldingane frå AT er positive. I løpet av året har det særleg vore arbeidd med å vurdere og sjå på moglegheiter for Ågotnes brannstasjon, m.a. i samarbeid med arkitekt. Vi er no ganske nærm til ei løysing, som vert sendt til AT for godkjenning. Dernest vil det i 2023 måtte gjennomførast ei runde med innhenting av tilbod på arbeidet før arbeidet kan starte opp. Det nye Teknisk servicebygg i Skogsskiftet er under oppføring. Her går arbeidet etter planen og våre tilsette ved Skogsskiftet brannstasjon vil nå få fine og tidsrike fasilitetar. I den nye stasjonen vil også vårt sentralvaskeri for utrykkingskle og røykdykkarmeisar kome. Når det gjeld ny brannstasjonsløysing nord – Dalsneset, så vert dette arbeidet sett i samanheng med eit utvida formalisert samarbeid med Equinor, men innan utgangen av 2024, må det vere avklart kva som skjer med desse lokalitetane. Bygget tilfredsstiller ikkje våre krav til storleik, funksjonalitet og rein/skitten sone. Nye bilar til feie- og tilsynstenesta vart bestilt i mars. Dette er bilar som skal få betre skilje mellom rein og skitten sone. Leveringstida er lang, og bilane kjem truleg ikkje før i april/mai 2023.

Arbeidsgruppa som har sett på mogleg utvida samarbeid mellom industrivernet på Kollsnes/Sture og ØBR, sluttførte sitt arbeid, og ei avklarande saksbehandling vil truleg skje ila 1. kvartal 2023

I 2022 vart det gjennomført ein del kompetanseheving, og supplement av utstyr retta mot lyng- og utmarksbrannar. Her kan nemnast at 11 personar gjennomførte Norges Brannskoles kurs Ledelse E, som er eit kurs i stabsmetodikk. Fem tilsette var på praktisk/teoretisk kurs i skogbrann på Torpomoen. Skogbrannseminar i VBR. Brann- og redningssjefen heldt også eit innlegg i eit webinar i regi av CTIF Norge (International association of fire and rescue service). Det er bygd opp ei eigen liten tilhengjar med aktuelt utstyr for lyng- og utmarksbrannar, og komplettert med ein del anna materiell.

Det vart gjennomført årssamtale med oppfølgingssamtale for alle heiltidstilsette. I tillegg er det starta opp eit opplegg med ein statussamtale for deltidstilsette. ØBR har mange deltidstilsette, så statussamtale for deltidstilsette er lagt opp slik at alle deltidstilsette kjem til ei slik samtale med tre-års rotasjon.

Driftsresultatet viser eit meirforbruk, men ekstraløyving får kommunestyret gjorde det enklare å ta store ekstrakostnadane som t.d. vår andel til nytt oppdragshåndteringsverktøy, andel til samanslåing av 110 Florø og 110 Bergen, ny godtgjersle for bæring av elektronisk varslingssystem, grunnkurs for tilsette i beredskapsstyrken.

Styret har gjennomført seks møter gjennom året. Møta at vore både i form av Teams (tidleg i året) og fysisk oppmøte (etter at dei store tiltaka ved koronapandemien var avslutta). Brann- og redningssjefen opplever at styret arbeider godt i lag, med den målsetnad å optimalisere brann- og redningsarbeidet i kommunen.

Øygarden brann og redning KF er som føretak ein smidig, omstillingssdyktig og effektiv organisasjon. Med eit politisk vald styre, vert også dei folkevalde sin medverknad i drifta sikra på ein god måte. Det er korte avgjerdsliner og transparent økonomi. Brann- og redningssjefen opplever at samarbeidet med styret fungerer utmerkt.

Takk til våre tilsette og styret for godt samarbeid i eit år med mange utfordringar.

07.03.2023

Bjørn Olav Paulsen
brann- og redningssjef

4.0 Om føretaket

4.1 Organisering

Føretaket et bygd opp med eige styre, som rapporterer direkte til kommunestyret. Dagleg leiar rapporterer til styreleiar. Brann- og redningstenesta er vidare inndelt i administrasjonsavdeling, beredskapsavdeling og førebyggjande avdeling. Føretaket har om lag 70 heil- og deltidstilsette. Regionen har tre brannstasjonar; Dalsneset, Skogsskiftet og Ågotnes. Hovudstasjonen ligg på Ågotnes der også administrasjonen held til.

4.2 Styret

Føretaket sitt styre skal bestå av 5 medlemar og 5 varamedlemar, med numerisk varamedlem. Unntak er medlemen som er vald av og blant tilsette, som har personelg vara,

Styret vert vald av kommunestyret etter følgjande reglar:

- 4 medlemar og 4 varamedlemar vert vald blant kommunestyret sine medlemar eller andre innbyggjarar i kommunen, som kommunestyret vil føreslå
- 1 medlem med varamedlem vert vald blant dei tilsette etter forslag frå organisasjonane

Frå § 8, 4. ledd i vedtekten for føretaket, går det fram at styret skal sjå til at drifta er i samsvar med gjeldande branndokumentasjon, og skal presentere verksemdsplanen for kommunestyret.

4.3 Sentrale dokumenter

4.3.1 Vedtekter

Det er utarbeidd vedtekter for føretaket. Dei regulerer den formelle overbygninga og klårgjer formål og oppgåver, samansetting av, og oppgåver for, styret o.a.

4.3.2 Driftsavtale

Øygarden kommune og Øygarden brann og redning KF har også ei driftsavtale. Denne avtalen er meir konkret og seier noko om tenesteproduksjon, økonomi, støttetenester m.m.

4.3.3 Verksemdsplan

Føretaket skal utarbeide ein verksemdsplan. Den skal fungere som ein overordna driftsplan for føretaket.

Planen har kort til mellom lang tidshorisont. Typisk 1 – 4 år. Krav til å utarbeide ein verksemdsplan finn vi i pkt. 3.1 i driftsavtalen.

4.4 Administrasjonsavdeling

Organisasjonsendring

Ved budsjettbehandlinga for 2023 i desember 2022, vart det vedteke å avvikle føretaket. Utan noko konsekvensutgreiing i forkant. Framgangsmåten vart opplevd å vere uvanleg. Det vert difor ei utfordrande jobb å gjere avviklinga så rydding som råd ila 2023. Tentativ avviklingsdato 01.04.2023.

Vi føl opp kommunestyret sitt vedtak slik at brann- og redningstenesta opprettheld fagleg integritet og autonomi i så stor grad som råd.



Coronapandemien

Coronapandemien sette sitt preg også på første halvår av 2022, men etterkvart har vi kome attende til normal drift. Førebuande hygienetiltak ved alle stasjoner, og bruk av heimekontor, er døme på tiltak vi har nyttta.



Internkontroll, bedriftshelseteneste og personalarbeid

Det var gjennomført internrevision og leiinga si gjennomgang.

Ny funksjonsomtale for beredskapstenesta kom på plass og eiga retningsline for heimekontor vart laga.

Alle tilsett fekk ny arbeidsavtale basert på Øygarden kommune sin mal. Det var gjennomført fire kvartalsmøte med heiltidstilsette, fem 3-partsmøter og ei rekkje drøftingsmøte.

Tilsyn frå Arbeidstilsynet

I 2022 fortsette arbeidet med å redusere kjemisk påverknad. Dette gjeld i hovudsak våre brannstasjonar med fokus på rein/skitten-sone problematikk. Vi har sendt to tilbakemeldingar om framdrifta for å lukke påleggget frå Arbeidstilsynet. Ein i april og ein i september. Tilbakemelding frå AT er gode og viser at vi er på rett veg, sjølv om det tek tid med å få på plass både nye bilar til feie- og tilsynstenesta, og oppgradering av lokalitetar.

Det har vore møter med våre verneombod undervegs i arbeidet.

- **Dalsneset brannstasjon:** Stasjonen er oppgradert til eit nivå som er betre enn før påleggget frå Arbeidstilsynet. Vi må berre erkjenne at lokalet ikkje vil kunne tilfredsstille dei krav til funksjonalitet og plass vi treng. Moglegheitsstudien for brannstasjonsløysing nord har ikkje hatt stor framgang i 2022. Dette skuldast m.a. avklaring av kva eit samarbeid med Equinor vil medføre. Før 2024 er slutt, vil vi ta ei avgjerd på kva som må skje med lokasjon av brannstasjon for nordre region.
- **Skogsskiftet brannstasjon:** Grunnarbeidet starta 11. februar og arbeidet går etter planen. Fasilitetane vert gode og vi ser fram til å ta dei nye lokalitetane i bruk truleg til sommaren 2023.
- **Ågotnes brannstasjon:** Det har vore fleire møte med både byggeigar og arkitekt, og vi har kome fram til ei løysing som vi trur vil fungere godt. No gjenstår det å få ei uttale frå Arbeidstilsynet, før vi kan la byggeigar starte arbeidet med å hente inn pristilbod og starta den fysiske oppgraderinga. Arbeidet held fram i 2023.
- **Nye feie- og tilsynsbilar:** Vi bestilte nye feie- og tilsynsbilar i mars. Dette er i utgangspunktet «hyllevare», men vi, som mange andre, fekk erfare at det er lange leveringstider. Bilane kom difor ikkje i 2022. To av bilane skal spesialinnreiast når dei kjem, før vi tek dei bruk. Vi håpar på å få dei nye bilane i drift før sommaren 2023.

Måloppnåing verksemdsplan 2022

Det store biletet viser bra måloppnåing for avdelinga i 2022.

Inndeling	Mål for 2022 - administrasjonsavdeling	Måloppnåing
Hovedmål	Styrke HR-arbeidet, gjennom godt og formålstenleg samarbeid med kommunen, og intern kompetanse og kapasitet	Utført
Sentrale oppgåver	Kontaktpunkt opp mot Øygarden kommune i personal/HRM- relaterte spørsmål	Utført
	Bistå beredskaps- og førebyggjande avdeling med merkantile oppgåver, og personal- og hmsrelaterte oppgåver.	Utført
	Styrke HR-arbeidet, gjennom gode og formålstenlege avtaler med kommunen, og intern kompetanse og kapasitet	
	Saksbehandling og utsending av saker for styret	Utført
	Administrere heimeside på internett og infoskjermloysing	Utført
	Kontaktpunkt opp mot bedriftshelsetenesta	Utført
	Budsjettarbeid	Utført
	Årsmelding 2021	Utført
	Statusrapportering til styret	Utført
	Kontaktpunkt opp mot Øygarden kommune i beredskaps- og ROS-relaterte spørsmål	Utført
Kompetanse	Oppfølging og revisjon av interne reglement, retningsliner, arbeidsmiljøundersøking o.l.	Utført
	Relevant kompetanseheving innan avdelinga sitt ansvarsområde	Utført
HMSK	Gjennomføring av internrevisjon og leiringa si gjennomgang	Utført
	Vernerundar	Utført
	Gjennomføre årssamtalar iht. plan	Utført
	Forvaltar system for handtering av uønskt hendingar og avvik (RUHA-meldingar) i Compilo.	Utført
	Lage plan for HMS-arbeidet for 2023	Utført
	Lage plan for opplæring og kurs for 2023	Utført
Spesielle oppgåver i 2022	Utarbeide ny investeringsplan	Utsett i påvente av avklaring om ev. samarbeid med Equinor.
	Strategisk kompetanseplan for ØBR KF. Planen skal famne om behov for eksisterande og framtidig kompetanse, og leggast fram for styret.	Ikkje ferdig

4.5 Beredskapsavdelinga

Beredskapsavdelinga har m.a. ansvar for vaktberedskap, opplæring av beredskaps personell, forvaltning og innkjøp av materiell og utstyr m.m.

Utrykkingar og oppdrag

Registrerte utkall er for 2022 tilsaman 333 til

Øygarden kommune .

Av disse er ØBR utførande på 234 oppdrag. I tillegg har ØBR ein del andre oppdrag som ikkje er meldt frå 110 Vest. Internloggen vår viser tilsaman 248 oppdrag. Døme på andre oppdrag, som ikkje er alarmutkall, er for eksempel løfte/bæroppdrag meldt via direkte telefon frå heimesjukepleien i kommunen.

Antal utrykkingar og oppdrag er i hovudsak innafor normale variasjonar. Vi vil likevel også for 2022 trekke fram helse- og redningsrelaterte oppdrag, som no i mange år har hatt ein jamn stigning i antal oppdrag. ØBR har etterkvert god kompetanse innafor feltet, og eit godt samarbeid med kommunelegen om dette. Også i 2022 har vi fleire dokumenterte livreddande innsatsar. Det har i periodar vore ein del utkall til hendingar i området i og kring Ågotnes. Mindre hendingar isolert sett med felles for dei er at dei er relatert til ungdomsproblematikk som har vore på Ågotnes. Vi ser og at vi vert involvert i oppdrag som ligg i grenseland med det som er våre primæroppgåver, og ser difor behov for å arbeide vidare mellom anna innafor feltet akutt forureining (handtering av båtvrek er her eit stikkord) for å få betre system kring denne type saker.


Bemanning

Avdelinga har ansvar for beredskapspersonell i brannstasjonane Dalsneset, Skogsskiftet og Ågotnes. Vaktberedskapen vart også i 2022 auka i typiske ferie/fritidsperiodar, som jul, nyttår og påske, samt i sommarferieperioden. Det har vore ein del utskifting av mannskap i 2022, og i desember vart det tilsett 10 nye brannkonstablar. Desse vart det så vidt starta opplæring av i desember. Talet på tilsettingar har også samanheng med oppbemanning til 4 personar i dreiande vakt, deltidstilsette, ved Ågotnes stasjon.

Vi var ein periode utan materialforvaltar, noko som medførte redusert kapasitet til administrasjon. Ny materialforvaltar kom på plass hausten 2022.

Opplæring/kurs/seminar

Det har vore gjennomført internopplæring av nytilsette, og Norges brannskole sitt nettkurs for nytilsette. Dette vert starta umiddelbart i etterkant av tilsettinga.



Figuren viser oppdrag i Øygarden kommune sortert etter hovedkategoriar definert i BRIS. Kjelde: Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap, DSB

NBSK sitt grunnkurs vart starta opp for 11 av mannskapa våre i 2022. Fullføring av dette vert våren 2023.

Det vart i 2021 etablert ny teneste for tau og høgderedning ved Dalsneset stasjon. I alt 16 mannskap gjennomførte då opplæringa og tenesta er iverksett. Eige øvingsopplegg er laga for trening i tenesta. Nytilsette ved Dalsneset får denne utdanninga.

5 av mannskapa våre har fått utdanning i skogbrannbekjempelse via VBR. Det er etablert eige øvingsopplegg også for båttenesta ved Dalsneset.



Grunnkurselever på praksisdag. Bilete ØBR KF

ØBR deltek i VBR med diverse komitearbeid innafor beredskap og vi var m.a. på beredskapsseminar i VBR-regi.

Utstyr og materiell

Det er ikkje gjennomført store enkeltkjøp i 2022, men utstyr til skogbrannhengar og vernetøy til nytilsette er anskaffa. Noko utstyr som var gått ut på godkjenningsdato er og reanskaffa i løpet av året.

Det har vor bytta om på ein del av dei mindre kjøretøya våre, og det er avdekkja eit klart behov for ein mindre og kjappare bil i Skogsskiftet. Med ny stasjon på plass der også vårt vaskeanlegg for utstyr og materiell er lagt, har dette behovet forsterka seg.

Skogsskiftet brannstasjon:

Arbeidet med den nye stasjonen i Skogsskiftet, som ein integrert del av Servicebygg Sør, er godt i gang og ved årsskiftet var det starta med innreiingsarbeidet. Detaljar for avklaring vert tatt underveis i prosjektet. Prosjektet ligg i, eller litt framfør, oppsett plan. Innflytting i ny stasjon planlagt opp mot sommaren 2023.



Skogsskiftet stasjon vert i søre enden av Servicebygg sør. Her ser ein opningane til brannbilgarasjene. Bilete ØBR KF.

Ågotnes brannstasjon:

Saman med Sambygg er vi i gang med utgreiing for mogleg ombygging og dermed kunne tilfredsstille Arbeidstilsynet sine krav til m.a. rein og skitten sone.

Dalsneset brannstasjon:

Stasjonen har fått nokre mindre endringar som gjer situasjonen der OK fram til endeleg avklaring om ny plassering av denne. Det heng m.a. saman med samarbeidet mellom ØBR og Equinor.

I dag må tankbilen stå i nabobygget. Ikkje optimal løysing. Det er og manglar for vaskemoglegheit for bilane i stasjonen.

Beredskapssituasjonen

Vi har ansvar for beredskapen i Øygarden kommune, men kjøper sjølve utrykkingsdelen for eit nærmare avtalt område i Øygarden aust frå Bergen kommune v/Bergen Brannvesen. Sentrumsutvikling, samanveksing av tettstader og trafikkbilete går i retning av ein meir bymessig struktur i den midtre og austre delen av kommunen. Vedteken branndokumentasjon frå 2017, peiker på eit behov for å styrke beredskapen innafor dette området. Branndokumentasjonen frå 2017 heimlar fleire endringar i beredskapsorganiseringa, mellom anna styrking av vaktberedskapen ved både Skogsskiftet og Ågotnes brannstasjonar. Vi har vore klar til å starte dette arbeidet, og budsjettmessig dekning for 4. person på vaktlaget på Ågotnes (deltid), kom i 2022. Grunna mannskapssituasjonen ved stasjonen fekk vi ikkje etablert ordninga før årsskiftet slik planen var. Skogsskiftet har ikkje fått finansiert oppbemannninga.

Det er gjennomført/under arbeid ei utgreiing for å kome fram til eit mogleg samarbeidsdokument mellom industrivern Kollsnes/Sture og ØBR. Dette er i sluttfasen ved årsskiftet. I hovudsak dreiar dette seg om at vi får ei felles dagkasernert løysing på Kollsnes, og vi får vonleg ein konklusjon på dette i avtaleform i løpet av 1. halvår 2023.

Måloppnåing verksemdsplan 2022

Mange av punkta i verksemdsplanen er

Inndeling	Mål for 2022	Måloppnåing
Hovudmål	Arbeide for at avdelinga har den kompetanse, utstyr og ressursar, som trengst for å løyse oppgåvene avdelinga er tillagt innafor akseptable risiko og HMS-vilkår, samt er dimensjonert iht minstekrav i forskrift og branndokumentasjon	Utført
Sentrale oppgåver	Gjennomføre opplæring og øving i høve til lov- og forskriftskrav og vedtekne planar, samt dokumentere dette på ein etterretteleg måte.	Utført
	Arbeide vidare saman med kommunen, for å få eit betre system på samhandling med kommunen der det er aksjonar som går til kommunale eigedomar.	Utført
	Arbeide for å sikre trygge og sunne arbeidsforhold for mannskap.	Utført
	Arbeide for å få eit system med kommunal forureiningsmyndighet kring oppdrag som omhandlar nedsunkne båtar konkret, og budsjettdekking av forureiningsaksjonar generelt.	Starta opp 2021 Pågående interkommunalt arbeid med same tema. Dette punktet vil ikkje verte avslutta heller i 2022
	Arbeide med vidareutvikling av samarbeidet i Vest brann- og redningsregion, og andre lokale beredskapsaktørar, for å utnytte synergiar og kapasitetar på ein god og formålstenleg måte.	Utført
	Ha fokus på HMS m.a. ved aktiv bruk av prosedyreverk og øving/opplæring.	Utført
	Oppfølging av rapport/avvik etter Arbeidstilsynet sitt tilsyn.	Utført
	Jobbe vidare med å få til god flyt i digitale timelister.	Utført
	Vidareutvikle utrykkingsleiarrolla m.o.t. leiarfunksjon opp mot 7-trinnsmodellen.	Utført
	Jobbe med tilpassing/endring i vaktoppsett.	Starta opp
	Oppfølging av byggjeprosjekt ny brannstasjon Skogsskiftet.	Utført
	Fylgje opp med tiltak etter evaluering av utmarksbrann 2021.	Utført
	Byggje lagfølelse i, og mellom, stasjonane.	Utført
	Gjennomføre årleg fysisk test.	Utført
Kompetanse	Sikre at personell har formell og reell kompetanse til å utføre dei oppgåver ØBR vert stilt overfor.	Utført
	Revidere øvingsplan/bruke øvingsgruppa aktivt.	Utført
HMSK	Gjennomføre årssamtalar heiltid, og statussamtalar deltid iht. plan.	Utført heiltid, starta deltid
	Bruke prosedyrar inn mot øvingar og opplæring.	Utført
Spesielle oppgåver i 2022	Dokumentasjon på kompetanse for å operere Ø3Båt.	Utført

4.6 Førebyggjande avdeling

Førebyggjande avdeling har følgjande hovudoppgåver; feiing og tilsyn med fyringsanlegg, tilsyn med særskilte brannobjekt og andre tiltak mot brann. Andre tiltak mot brann er basert på ei risikovurdering og innunder her ligg mellom anna tiltak retta mot personar i risikoutsette grupper.

Feiing og tilsyn

Seksjon for feiing og tilsyn har vore råka av låg bemanning også i 2022. Store delar av året har det vore berre ein feiarstein tilgjengeleg. Ledige stillingar har vore utlyst, men det har vist seg utfordrande å rekruttere kvalifisert personell i desse stillingane. I starten av 2022 fekk vi tilsett 2 nye medarbeidarar ein faglært og ein ufaglært. Den faglærte slutta i juni same år for å begynne i Bergen brannvesen. Etter ny utlysing i desember 2022 har vi fått rekruttert 2 faglærte brannførebyggjarar som startar i løpet av 1. kvartal 2023. Produksjonen har vorte prega av lav bemanning, det er utført 2 177 av 2 640 planlagde tilsyn. Det er varsle 2 592 tilsyn, noko som gjer ein treffprosent på om lag 84 %. 1 547 skorsteinar er feid i 2022.

Tilsyn med særskilte brannobjekt

Avdelinga har gjennomført 85 av 90 planlagde tilsyn i 2022. Utvalde tilsynsobjekt er basert på risiko.

Tilsyn med fyrverkeriutsal

Det var 15 utsalsstader for fyrverkeri i 2022 og det vart gjennomført tilsyn med alle utsal i løpet av salsperioden.

Andre tiltak mot brann

Førebyggjande avdeling har ut frå ei risiko definert følgjande fem satsingsområde; barn og unge, befolkninga generelt, heimebuande eldre, personar med rusutfordringar og flyktingar. Dei tre sistnemnde er rekna for å ha større sannsyn for å komme eller bli skadd i brann enn befolkninga elles. Andre område avdekka i risikovurderinga er forsamlingslokalar og bustadblokker. Følgjande førebyggande tiltak er sett i verk for dei ulike områda åleine eller i samarbeid med andre einingar i kommunen.

Barn og unge

Eit aktivt arbeid mot barn og unge er viktig for å skape gode haldningar til branngrygleik.

Førskulegrupper i barnehagar er velkommen på besøk på våre brannstasjonar. Her får dei møte Bjørnis, køyre ein tur med brannbilen, sjå og prøve utstyr, samt høre om brannførebygging i heimen.

Bjørnis og medhjelpar har og vore på besøk i alle barnehagar i kommunen i 2022.

Vi har gjennomført brannvernundervisning for 3., 6. og 9. klassar. 3. klasseelevarane vert utnemnd til 110-agentar, og dei får i oppgåve og sjekke ut branngrygleiken heime i bustaden sin. Dei får og utdelt ein julekalender med brannførebyggjande tema. 6. og 9. klasse elevar får teoriundervisning samt praktiske sløkkjeøvingar med sløkkjeapparat og brannteppe. Om lag 1600 elever i 3., 6. og 9. klasse deltok i brannvernundervisninga i 2022.

Befolkninga generelt

For å nå den generelle befolkning gjennomfører vi ulike brannførebyggjande kampanjar med stand og annan oppsøkande aktivitet. Vi brukar og facebook, Instagram og våre nettsider for å dele brannførebyggjande informasjon. Røykvårsdagen 1. desember og komfyrvaktkampanjen vart markert med stand på tre ulike kjøpesenter med utdeling av førebyggjande materiell og mange gode samtalar med innbyggjarar i kommunen. I 2022 kunne vi igjen halde open dag på brannstasjonen etter at dette har utgått i 3 år pga. pandemien. Mange besøkte oss denne dagen og både små og store fekk prøve å sløkkje brann blant fleire aktivitetar.



Bilde frå open dag 2022 på Ågotnes brannstasjon. ØBR KF

Risikogrupper for brann

I 2022 vart det starta eit prosjekt i kommunen med fokus på heimebuande i risikogrupper for brann. Prosjektet skal utarbeida ein plan med tiltak for å betre branngleiken for denne gruppa. Helse og velferd, branngvernet, eigedomsavdelinga, bustadstiftinga og bustadforvaltning KF er med på dette arbeidet.

Heimebuande eldre

For denne gruppa har vi ein rekke tiltak som komfyrvaktkampanjen, befaring i bustadblokker. Heimebesøk med montering av røykvarslarar knytt til tryggleksalarm i samarbeid kommunalsjefområde Helse og velferd.

Flyktningar

I samarbeid med Flyktningstenesta gjennomfører vi teoretisk og praktisk branngvern-opplæring av alle flyktningar i kommunen sitt introduksjonsprogram. Vi har og gjennomført heimebesøk med fokus på branngleiken i nokre utvalde bustader for flyktningar i 2022.

Personar med rusutfordringar

Vest brann og redning har utarbeida forslag til brannførebyggjande tiltak retta mot denne gruppa. Dette arbeidet tek vi med oss inn i prosjektet branngleik for heimebuande i risikogrupper.

Bustadblokker

Vi får mange spørsmål om branngleiken i bustadblokker. Vi møter styrerepresentantar i dei ulike sameiga for samtale om branngleik og synfaring på bygget. Vi sender sameige ein tilbakemelding med tips til korleis dei kan betre branngleiken i bygget. Det er gjennomført 2 slike synfaringar i 2022.

Forsamlingslokalar

Vi gjennomfører synfaring i forsamlingslokalar saman med representantar for styre/eigar for å bidra til å betre branngleik i desse lokala. Det er gjennomført 12 slike besøk i 2022.

Sal av kurs

Avdelinga tilbyr branngvernkurs og førstehjelpskurs. Det har vore stor etterspørsel på slike kurs i 2022 og vi har utført 26 branngvernkurs og førstehjelpskurs i 2022. På desse kursa får vi og snakka om branngleik generelt, noko som er med på å førebygge brann også i heimane til deltakarane.

HMS

Avdelinga har tidlegare utarbeida ei risikoanalyse om sotekspionering på feiarane. Analysa avdekka forbetningspotensiale på fleire område, som til dømes skilje mellom rein og skitten sone i køyretøya, og på Ågotnes branntasjon. Ny elbilar er bestilt, men har lang leveringstid.

Ombygging av Ågotnes stasjon er under planlegging og nye feie- og tilsynsbiler med tett skilje mellom skitten og rein sone er bestilt.

Måloppnåing verksem.dsplan 2022

Ein del tiltak har vore vanskeleg å fullføre på grun av låg bemanning.

Vi har måtte prioritere bort nokre oppgåver. Det store bilete viser likevel god måloppnåing.

Inndeling	Mål for 2022 – førebyggjande avdeling	Måloppnåing
Hovudmål	Arbeide aktivt for å førebyggje brann og andre akutte ulykker. Spesielt fokus på risikogrupper.	Utført
Sentrale oppgåver	Vidareføre tilbod om brannvernoplæring til 3.- 6.- og 9.-klassar samt førskulegrupper i barnehagar.	Utført
	Vidareføre brannførebyggjande tiltak for flyktningar og heimebuande eldre i samarbeid med kommunen.	Utført
	Starte opp brannførebyggjande tiltak retta mot personar med rusproblem, i samarbeid med kommunen.	Utført
	Vidareføre brannførebyggjande tiltak retta mot bustadblokker/sameige og forsamlingslokale.	Utført
	Gjennomføre tilsyn med særskilte brannobjekt iht. plan.	Utført
	Gjennomføre tilsyn med anlegg med farleg stoff iht. plan.	Usett pga. bemanning.
	Sakshandsaming av søknader om løyve til sal, oppbevaring og avfyring av fyrverkeri samt gjennomføre tilsyn.	Utført
	Delta aktivt i førebyggjande prosjekt gjennom Vest brann- og redningsregion.	Utført
	Aktiv bruk av brannbamsen «Bjørniss» i det førebyggjande arbeidet.	Utført
	Delta i brannførebyggjande kampanjar som til dømes Brannvernuka, Komfyrvaktkampanjen, Røykvardsdagen, Hyttekampanjen.	Utført
	Gjennomføre feiring og tilsyn iht. til plan.	Utført, utan full måloppnåing pga. fleire vakante stillinger.
	Sakshandsaming av søknader om bål og brenning av utmark.	Utført
	Sakshandsaming av bekymringsmeldingar og andre førespurnader.	Utført
	Synfaringar på arrangement, byggeplassar og andre objekt.	Utført
Kompetanse	Fokus på å utvikle tilsette sin kompetanse gjennom tildeling av oppgåver, kurs, seminar m.m. Sikre god opplæring av nyttilsette.	Utført
	Sikre rett kompetanse for bruk av båt.	Utført
HMSK	Gjennomføre årssamtalar og oppfølgingssamtalar iht. plan	Utført
	Ta i bruk risikomodulen i DM brann ift. tilsyn med fyringsanlegg.	Usett. Avventar ny versjon av programmet.
	Følgje opp planlagde tiltak for å redusere soteksposering av feiarar.	Ventar på leveranse av nye bilar.
	Evaluering av brannar og det brannførebyggjande arbeidet 2021	Utført
Spesielle oppgåver	Skaffe eigna køyretøy/båt for feiring og tilsyn. Sikre innreiing og utstyr som tek i vare krav til rein og skitten sone.	Nye bilar er bestilt. Jobbar videre med båt i 2023.
	Delta i planlegging av ombygging av Ågotnes stasjon. Sikre tilstrekkeleg skilje mellom rein og skitten sone.	Utført, fortsett i 2023.

ØYGARDEN brann og redning



For Øygarden brann og redning KF
30.03.2023



Per Rune Eikeseth
styreleiar



Bjørn Olav Paulsen
dagleg leiar/
brann- og redningssjef